

## Storveis jubileumskonsert i kulturskolen!

12.11.2016



Nils Rainer Vågen frå Skorpo imponerte på euphonium.

**Det er i år 40 år sidan Kvinnherad kommunale musikkskule starta opp. Gjennom åra har den vore eit viktig aktivum i kulturlivet i kommunen. Tilbodet har utvikla seg, og det har vorte utvida. Kvinnherad kulturskule er ein aktiv og livsfrisk jubilant med gode tilbod innan musikk og song, bildekunst, dans og anna. Dette kom tydeleg fram under den store jubileumskonserten laurdag.**



To flotte nummer av gitarorkesteret der Sondre Klyve(nr.3 f.v.) var med.

Etter fanfare var det opningstale ved rektor Kirill Zimin som mellom anna understreka den viktige rolla kulturskulen har i lokalt kulturliv. Han takka også for det gode frammøtet, og publikum vart lova ei varm konsertoppleving i haustmørket, før han gav ordet til inspektør Eli Haugan som var kveldens konferansier. Ho batt det heile fint saman og presenterte bitar frå kulturskulen si historie mellom innslaga.

Første innslaget kom frå det nyaste instrumenttilbodet; marimbaorkesteret Mhodzi Marimba. Med to drivande afrikanske nummer var den gode stemninga sett i salen. Deretter fulgte gode innslag vekselvis av grupper og solistar. Det veksle også mellom songinnslag, dansenummer og instrumentale framføringar. Under heile konserten vart bilete som var laga av kunstlevane, presentert på lerretet på scenen. Det var eit imponerende og variert program som vart presentert, og dei to timane det varte gjekk unna som ein røyk!!

To unge Uskedalsgutar var med i programmet. Sondre Klyve spela i gitarorkesteret som kom svært godt frå framføringa av sine to nummer, Die Lorelei og The trees they do grow high. Nils Rainer Vågen imponerte nok ein gong på euphoniumen sin. Heilt åleine på den store scenen kom han svært godt frå framføringa av Foxtrot Fleur.

Om dei andre nummera er det berre å sei at alle kom flott frå det. Tusen takk for ei herleg oppleving alle saman. Likevel er det alltid nokre innslag ein hugsar spesielt etter ein slik konsert. For meg er Amigos alltid ein vinnar! Etter å ha opna flott med Regnet er ein venn, lova frontfigur og vokalist Leif Inge Heimvik at det kom til å rykkja skikkeleg i rockefoten når dei skulle i gong med låt nummer to, Blue suede shoes. Han fekk heilt rett!! Det rykte skikkeleg kraftig! Og før den langvarige applausen hadde lagt seg, inviterte han 'dei som kunne engelsk' til å syngja med på ekstranummeret, Elvis-klassikaren Hound Dog. Jammen får Amigos det til å svinga!

Svinga godt gjorde det også i det andre innslaget eg hugsar spesielt, Trist klarinett av Sidney Bechet. Her var den nye kulturskulerektoren Kirill Zimin solist på klarinett med eit orkester samansett av kulturskulelærarar, elevar i kulturskulen og nokre musikarar frå det frivillige musikklivet. Det svinga i herleg storbandstil, ein sjanger vi veit Kirill Zimin likar. Det var også han som hadde arrangert stykket for orkesteret. Kvinnherad har fått ein ny særdeles dyktig muskar i denne klarinettisten og saksofonisten. Eg gleder meg til å høyra meir frå han, også innan andre sjangrar.

Sektorleiar Anne Sofie B. Kjeka helsa frå kommunen og overrekte blomar og gåvesjekk til jubilaranten. Pengane skulle gå til kompetanseheving for personalet, noko som i neste omgang kjem elevane til gode. Ho overrekte

også blommar og gåve til avgått rektor Rolf Lothe. Både ho og ordførar for dagen, Hans Inge Myrvoll, takka Lothe for den store jobben han har gjort. Begge helsa også Kirill Zimin velkommen og ønskte han lukke til i det vidare arbeidet.

Konserten vart avslutta med stororkester der dei fleste av kveldens aktørar deltok. Ei fin avslutning på ein storveis konsert.



Rektor i kulturskolen, Kirill Zimin, heldt opningstale.



Flott afrikansk musikk av marimbaorkesteret.



Alvedans av koret Nattergalen, songelevar og danselevar.



Strykeorkester 3, flott som alltid!



Amigos, ein sikker vinnar på scenen!



Cold Chase, eit godt rockeband!



Kirill Zimin opptredde for første gong i Kvinnherad og imponerte.



Effektfull og flott jazzdans, moderne. Lærer er Koshi Sabuneti som bur i Halsabråtet.





Vilde Bø Røsland song fint i Million Years Ago(Adele), akkompagnert av Mauricio Weimar på gitar.



Rolf Lothe vart takka for stor innsats.



Rektor og inspektør



87 av dei rundt 600 elevane deltok på konserten. Her frå avslutningsnummeret.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland